

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2019	Kommunestyret i Radøy	PS	12.03.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	19/499	19/3044

Forvaltningsrevisjon - "Offentlege anskaffingar" Radøy kommune

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret har vedteke følgjande plan og prioritering av forvaltningsrevisjon for denne kommunestyreperioden i sak 018/2016 (møte 03,032016):

- Barnevern (er gjennomført)
- Kommunen si satsing på «tidleg innsats» i oppvekstsektoren (er under arbeid)
- Innkjøp/offentlege anskaffingar (dvs organisering, innkjøpsavtalar og ansvarstilhøve, kompetanse og oppdatering i høve til avtalar og lovverk m.v. (er ikkje starta opp)

Kommunestyret vedtok i sak 29/2016 (møte 19/5 2016) at det i denne kommunestyreperioden skulle gjennomførast selskapskontroll med:

- Sambandet Vest AS (vedteken utgår)

Gjeldande planar/prioriteringar vart vedtekne før vedtak om at Radøy skal inn i Alver kommune. Kontrollutvalet har følggt opp kommunestyret sine vedtak med gjennomføring av ulike prosjekt slik det framgår av kontrollutvalet si årsmelding for 2018.

Kontrollutvalet i Radøy bestilte i november 2018 ei prosjektskisse frå Nordhordland Revisjon IKS for ein forvaltningsrevisjon av «Innkjøp/offentlege anskaffingar» i Radøy kommune. Bestillinga vart gjort med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon vedteke i KS-sak 06/16.

Nordhordland Revisjon IKS har utarbeidd framlegg til ein prosjektplan i samsvar med dette. Revisjonen peikar på at erfaringar og funn som vil verta omtala i planlagt forvaltningsrevisjonsprosjekt, vil kunne koma til nytte i arbeidet med å få til lik praksis i heile organisasjonen for Alver kommune.

Prosjektet skal etter planen starta våren 2019 og revisjonen vil leggja fram rapport for kontrollutvalet hausten 2019.

I kontrollutvalet sitt møte 13. februar 2019, var utvalet i sak 06/19 invitert til å tinga oppstart av prosjektet, med skissert tidsplan for gjennomføring. Kontrollutvalet drøfta relevans og nytte av prosjektet. Utvalet konkluderte med at ein truleg i liten grad vil dra nytte av prosjektet i den nye kommunen.

Kontrollutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret for endeleg avgjerd

Kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret for endeleg avgjerd

Kommunestyret i Radøy - 003/2019**KS - handsaming:**

Ordføraren Jon Askeland orienterte om bakgrunnen for saka. Han peika mellom anna på at rapporten frå forvaltningsrevisjonen neppe vil vera klar før Alver kommune er etablert, og det er vurdert at revisjonsrapporten vil ha relativt liten overføringsverdi inn i Alver kommune.

Ordføraren sette fram følgjande framlegg:

Forvaltningsrevisjon innkjøp/offentlege anskaffingar i Radøy kommune vert teken ut av prosjektplanen for kontrollutvalet.

Kommunestyret vedtok framlegg til vedtak, sett fram i møtet.

KS - vedtak:

Forvaltningsrevisjon innkjøp/offentlege anskaffingar i Radøy kommune vert teken ut av prosjektplanen for kontrollutvalet.

Vedlegg:

Prosjektplan forvaltningsrevisjon - offentlege anskaffingar Radøy kommun.._
2019 02 13 Særutskrift kontrollutvalet Radøy - forvaltningsrevisjon, KUsak 06-19